

Folkestad Barnehage

Glade og trygge barn og voksne som deltek, meistrar og lærar



Årsplan 2023 - 2024

Folkestad barnehage er eit samlingspunkt for barn som bur på Folkestad og i bygdene rundt og er ein viktig arena der barna og familiare blir kjent med kvarandre. Barnehagen ligg i underetasjen på Folkestadtun, ein omsorgsbustad for eldre, som vi har eit nært samarbeid med.

I år blir vi 17 barn i alderen 1-6 år på avdelinga vår.

Det er delt ut eit informasjonshefte om barnehagen tidlegare.

Årsplanen er bygd på barnehagelova, rammeplan og Volda kommune si kvalitetsplan for opplæring og oppvekst. Den inneheld informasjon om det pedagogiske innhaldet og arbeidsmåtar i barnehagen.

Årsplanen er eit pedagogisk arbeidsreiskap for personalet til å styre verksemda i ei bevisst og uttalt retning, informasjon til samarbeidspartnarar og er eit utgangspunkt for foreldra til å komme med innspel og tilbakemeldingar på innhaldet i barnehagen.

Vi ser fram til eit godt samarbeid i barnehageåret 2023-2024

Folkestad barnehage



Veronica Preus
Styrrar



Føringar for barnehagen

Verksemda til Folkestad barnehage blir styrt av barnehagelova med føreskrifter. Barnehagelova blei vedtatt 17.juni 2005 og sist endra 1.november 2019. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2005-06-17-64>,

Mobbelova i barnehagar frå 1.januar 2021:

Aktivitetsplikt når barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Her finn de litt meir info om den nye lova: <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/innforer-mobbelov-i-barnehagen/id2664023/>

Rammeplan for barnehagen, <https://www.udir.no/laring-og-trivsel/rammeplan/>

FN sin barnekonvensjon <https://www.fn.no/Om-FN/Avtaler/Menneskerettigheter/Barnekonvensjonen>

stortingsmelding nr. 27 "Barnehage til beste for barn og foreldre" [https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-27-1999-2000-id133808/](https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-27-1999-2000/id133808/)

Kommunale vedtekter, [https://www.volda.kommune.no/styringsdokument/oppvekst-barnehage-og-skule/vedtekter-for-kommunale-barnehagar/Nye Volda](https://www.volda.kommune.no/styringsdokument/oppvekst-barnehage-og-skule/vedtekter-for-kommunale-barnehagar/Nye-Volda).

Oppvekstplanen er ei revidering av «Kvalitetsplanen for sektor opplæring og oppvekst 2017-2020». Oppvekstplanen sitt formål er at sektoren sine verdiar, mål og tiltak vert synlege for alle tilsette og dei som mottok tenester av sektoren vår.

https://www.volda.kommune.no/f/p39/i5aef754e-cc42-4908-b35b-32b35ddf9e0a/oppvekstplan_oppvekst-22-27.pdf

Denne hengar også i barnehagen.



Barnehagelova § 1 (formålsparagrafen)

« Barnehagen skal i samarbeid og forståelse med hjemmet ivareta barnas behov for omsorg og lek, og fremme læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Barnehagen skal bygge på grunnleggende verdier i kristen og humanistisk arv og tradisjon, slik som respekt for menneskeverdet og naturen, på åndsfrihet, nestekjærlighet, tilgivelse, likeverd og solidaritet.»

«Barna skal få utfolde skaperglede, undring og utforskertrang. Dei skal lære å ta vare på seg selv, hverandre og naturen. Barna skal utvikle grunnleggende kunnskaper og ferdigheter.» (§ 1, 2.ledd)

«Barnehagen skal formidle verdier og kultur, gi rom for barns egen kulturskaping og bidra til at alle barn får oppleve glede og mestring i et sosial og kulturelt fellesskap.» (§ 2, 4.ledd)

Visjon for oppvekst og opplæring, Volda Kommune:

«Volda kommune har trygge barn, unge og voksne som deltek, meistrar og lærer».

Verdiane for alle som jobbar i Volda Kommune er:

Raus, modig, kompetent og lærande.

Visjon for Folkestad barnehage:

Glade og trygge barn og voksne som deltek, meistrar og lærer



Omsorg, lek og læring

I rammeplanen står det: «Omsorg er ein føresetnad for at barna skal vere trygge og trivast, og for at dei skal utvikle empati og nestekjærleik. (...) I barnehagen skal alle barn oppleve at dei blir sett, forstått og respekterte, og få den hjelpa og støtta dei har behov for. Barnehagen skal aktivt leggje til rette for omsorgsfulle relasjonar mellom barna og personalet, og mellom barna sjølve, som grunnlag for trivsel, glede og meistring. Personalet skal arbeide for eit miljø som ikkje berre gjer barna til mottakarar av omsorg, men som og verdset omsorgshandlingane til barna.» (Rammeplan 2017 s. 19) Dette føresett eit personale som er emosjonelt tilgjengelege, sensitive og støttande. Personalet må ha kunnskap om korleis ein utøvar omsorg og empati for andre, for eksempel ved å leve seg inn i og vise omtanke for andre, og dele positive sosiale handlingar med andre som å hjelpe, oppmuntre, vise forståing og inkludere. Alle vaksne er rollemodellar for barna. Det viser seg at dei barna som får mykje omsorg og tryggleik blir ofte trygge og omsorgsfulle sjølv. Det er derfor særst viktig at personalet i barnehagen jobbar bevisst med å opprette gode relasjonar til alle barn, der barna føler seg trygge, forstått og ivaretatt.

Leiken har ein sentral plass i barnehagen. Leiken kan kjenneteiknast som spontan, frivillig og styrt av barnas erfaringar og fantasi. «Eigenverdien til leiken skal anerkjennast. Barnehagen skal gi gode vilkår for lek, vennskap og barna sin eigen kultur. Leiken er ein arena for utvikling, læring og sosial og språkleg samhandling. Barnehagen skal inspirere til og gi rom for ulike typar lek både inne og ute. Barnehagen skal bidra til at alle barn kan oppleve glede, humor, spenning og engasjement gjennom lek – aleine og saman med andre» Rammeplan 2017 s. 20) Personalet må organisere og leggje til rette for ulike typar lek. Ein må fremje eit miljø som er inkluderande der ein rettleiar barna til å bli gode leikekameratar. Dei vaksne må også vere bevisst på eiga rolle og deltaking i leiken. Ein bør kunne sjå og nytte ulike situasjonar som oppstår i kvardagsaktivitetane og situasjonane i barnehagekvardagen.

Kvardagsaktivitetane (eks måltid, stell, påkledning, lek, osb.) er den viktigaste læringsarenaen i barnehagen, også når det gjeld omsorg. Gjennom kvardagsaktivitetar finn vi først og fremst dei uformelle lærings situasjonane, det vil sei dei spontane situasjonane. Dei formelle lærings situasjonane har vi i samling og andre vaksenstyrte aktivitetar.

Barnas egne interesser og spørsmål blir ofte grunnlag for både små og store læringsprosessar i barnehagen.



Utviklingsarbeid - ReKomp

ReKomp står for Regional ordning for kompetanseutvikling i barnehage. Dette skal bidra til at barnehagar utviklar sin pedagogiske praksis gjennom barnehagebasert kompetanseutvikling. Ordninga er ein av fleire verkemiddel som skal sikre at alle barn skal få eit likeverdig barnehagetilbod av høg kvalitet.

Gjennom refleksjon og diskusjon i personalet, kom vi fram til at vi fortsett utviklingsarbeidet med fokusområde - læringsmiljø og språk.

Tidlegare år var barnehagen si problemstilling i utviklingsarbeidet:

«Korleis kan personalet skape eit trygt og godt språkstimulerande miljø for barna under 1.måltidet»

Utviklingsarbeidet med denne problemstillinga er avslutta, men det betyr ikkje at vi leggjar den bort. Vi kjem til å fortsette med å vere til stede i matsituasjonen – ha felles fokus på barna. Formidle lyst til å sitte ved bordet og vere saman. Legge til rette for god og roleg atmosfære. Legge til rette for ein sosial stund og gode samtalar. Vere tolmodige og ha god tid ved matbordet. Vere rollemodellar. Må tole litt rot og søl, då barna skal lære å klare sjølv. Ete ilag med barna. La barna få smake ny mat, snakke om mat og korleis ein lagar det.

Vi reflekterer og evaluerer for å utvikle vaksenrolla vår og på denne måten får vi progresjon i vårt arbeid med å skape så gode kvardagar for barna som mogeleg. Progresjon i barnehagen inneber at alle barna, og dei vaksne, skal utvikle seg, lære og oppleve framgang. Alle barna skal kunne oppleve progresjon i barnehageinnhaldet, og barnehagen skal legge til rette for at barn i alle aldersgrupper blir sett og høyrd samt får varierte høve til leik, aktivitetar og læring.

Barnehageåret 2023 -2024 blir fokuset i ReKomp å lære personalet i Volda barnehagane verktøyet ASK.

«Alle trenger språk for å utvikle seg. Noen personer kan, på grunn av medfødte tilstander, skader eller sykdom, ikke kommunisere ved hjelp av talespråk. Å kommunisere på andre måter enn gjennom talespråk kalles alternativ og supplerende kommunikasjon, forkortet til ASK»

<https://www.statped.no/ask/>

Meir informasjon om dette utviklingsarbeidet kjem i eiga infoskriv.



Barns medverknad

Barns medverknad er forankra i FNs barnekonvensjon og er eit viktig omgrep i lovverket og i rammeplanen for barnehagen. Men kva betyr egentleg barns medverknad?

Ein måte å forstå omgrepet på er at alle barn har rett til å få uttrykke seg, ha innflytelse og bli tatt på alvor i kvardagen, uansett alder. I rammeplanen står det at «ein skal vektleggje synspunkta til barna i samsvar med alder og modning. Barna skal ikkje få meir ansvar enn dei er rusta til å ta.» (s.27) Vi i personalet må leggje til rette for medverknad som er tilpassa ut frå alder, erfaring, ulike behov og føresetnader som dei ulike barna har. Korleis skal så personalet skape rom for at barna skal medverke og ha innflytelse på si kvardag, uavhengig av alder? Emilson (2008), konkluderer med at særleg tre forhold fremmer barns innflytelse og deltaking:

- 1) at den vaksne nærmar seg barns perspektiv;
- 2) kjenslemessig nærvær og
- 3) leikenheit frå den vaksne si side.

Det er i sjølve samspelet mellom vaksen og barn medverknad og innflytelse kan skje.

Dette føreset at personalet må:

- Vere nære/tett på barna
- Lytte til barna
- Vere tilgjengelege
- Respektere barna
- Føre dialog
- Sjå barnas eigne interesser, bygge vidare på det
- Sjå og tolke kroppsspråk, ansiktsuttrykk

- Rettferdige ovanfor barna
- Ta oss tid og svare skikkeleg
- Gi barna kjensle av at det dei seier er viktig
- La barna få gjennomslag for idear
- Sette grenser, regulere åtferd
- Ikkje love noko vi ikkje kan gjennomføre
- Ta barna på alvor



Sosial kompetanse

Sosial kompetanse handlar om å kunne handle saman, positivt, med andre i ulike situasjonar. Denne kompetansen blir uttrykt og tileigna av barn i samspel med kvarandre og med vaksne og speglast av i barns evne til å ta initiativ og til og oppretthalde vennskap. Å styrke barnas sosiale kompetanse er nok det viktigaste barnehagen jobbar med, spesielt i forhold til mobbing og seinare psykiske lidingar. Leiken er læringsarenaen.

Sosial kompetanse kan vi dele inn i 5 områder:

1. Empati – med empati meiner vi barnas evne til å sette seg inn i andre sine kjensler. Å kunne sjå når eit anna barn er lei seg og føle med.
2. Prososiale handlingar – handlingar som er meint til å støtte andre, inkludere og vise god sosial åtferd.
3. Sjølvhevdning – barna skal lære å uttrykke sine kjensler, hevde seg sjølv og ha sjølvstendige meiningar, samtidig som dei skal utvikle sjølvkontroll.
4. Sjølvkontroll – sjølvkontroll er å kunne styre impulsen og åtferda sin.
5. Leik, glede og humor – leiken er barnas naturlege aktivitet. Det er her det meste av all læring skjer. Her blir grunnlaget for vennskap danna og barnas sosiale kompetanse blir utvikla i takt med andre barn. Glede og humor er viktig del av kvardagen.

Psykisk helse

Barnehagetilbodet skal fremje barnas fysiske og psykiske helse. Vi skal bidra til barnas trivsel, livsglede, meistring og følelse av eigenverd og førebygge krenkelsar og mobbing. 1.januar 2021 blei barnehagelova endra. Det kom inn nytt kap. om barnehagens psykososiale miljø. «*Barnehagen skal ikke godta krenkelsar som for eksempel utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering.*

Alle som arbeider i barnehagen, skal gripe inn når et barn i barnehagen utsettes for slike krenkelsar.»

Sjå barnehagelova kap.8 for meir informasjon. God psykisk helse er grunnleggande for positiv utvikling. Balanse mellom tankar og følelsar er viktig for å meistre kvardagen. Nyare undersøkingar har vist at barna som er i psykisk ubalanse også vil plages med dette seinare i livet. Tryggleik, gode relasjonar, vennar, nestekjærleik, meistring, bli sett og høyrte, føle seg viktig osv. er viktige omgrep. Barnehagen skal jobbe førebyggande.

Volda prosjektet


- psykisk helse hos barn i barnehagen, kom i gang i 2014 og varte til våren 2018. Prosjektet blei gjennomført i samarbeid med RKBU i Trondheim.

Formål med prosjektet var å

- Styrke kompetansen til personalet i barnehagen slik at dei oppdagar barn som viser teikn på at dei er i ferd med å utvikle problem knytt til kjensler eller åtferd, slik at barna kan få hjelp så tidleg som mogeleg.
- Kartlegge åtferda til barna
- Sjå på om dei tilsette i barnehagen er i stand til å fange opp endringar og om det blir endringar på dette området i løpet av prosjektperioden.
- Barnehageåret 2014-2015 gjennomførte heile personalet ei opplæringsmodul i Volda prosjektet.

Tema som vi blei kursa i var:

1. Tilknytning. Her jobbar vi etter ein modell som heiter Tryggleikssirkelen.
2. Seksuelle overgrep mot barn
3. Vald i familien og mot barn
4. Rus i familien
5. Barn av psykisk sjuke
6. Juss
7. Arbeidsrutinar
8. Samtaler
9. Tverrfagleg samarbeid på tvers av etatane.



Circle of Security ©1999
For copyright information go to
www.circleofsecurity.net

TRYGGLEIKSSIRKELEN

Kva meina vi med større, sterkare, klokare og god?

Å vere større betyr: at den vaksne er meir enn fysisk større, vi skal vere fast og tydeleg, ta greip, vere leiari, organisera, planleggje og førebu barnet og ha kontroll på situasjonen. Dette gir barnet tryggleik.

Å vere sterkare betyr: at den vaksne er meir enn fysisk større, at ein fysisk beskyttar barnet, og at ein er emosjonelt sterkare. Det betyr at ein ikkje blir like sint som barnet, eller like usikker som barnet, eller svak og lei seg eller for eksempel gråtar fordi barnet gråtar. Den vaksne skal være den **emosjonelle** styrka. Det kan være vanskeleg å være sterkare dersom man opplev barnet si oppførsel som vanskeleg.

Å vere klokare betyr: at barnet treng vaksne som forstår meir enn dem, som kan forklare kva som skjer rundt dei og kva som skjer med barnets kjensler. Ta tak i situasjonen, gripe inn og stoppe det som helde på å skje. Den vaksne handlar og forklarar barnet, ut frå eigne forutsetningar, kvifor det ikkje kan fortsette slik. Du er klok når du meistrar balansen mellom å vere større og sterkare enn barnet og samtidig bevare godheita. Klokke foreldre / omsorgsgivar er både faste og gode, kan seie nei og ta tak utan å vere krenkande eller skremmande overfor barnet.

Å vere god betyr: at barnet opplev den vaksne som vennleg og snill, sjølv om det også handlar om å seie nei og sette upopulære grenser. Ikkje gje etter hele tiden, ver fast men samtidig med godheit i stemmen og kroppen.

(Som å gi kjærteikn som eit styrk på kinnet, mens du forklarar at nettopp dette ønsket ikkje passar i dag, men i morgon etter barnehagen...)

Med blick på barnet

Barnehageåret 2017-2018 fekk personalet opplæring i rettleiings- og refleksjonsmetoden “med blick på barnet.” Metoden bestod av åtte øvingsoppgåver. Øvingsoppgåvene er laga for at barnehagepersonell på ein systematisk måte skal reflektere over seg sjølv i samspel med barna, bli merksame på enkeltbarnets signaler og behov, kunne observere samspel og leik mellom barna, samspel med foreldre og barn samt eigen veremåte og praksis (sjå barnet innanifrå og seg sjølv utanfrå). Slik vil ein betre kunne sjå og forstå barna ein jobbar med og møte enkeltbarnet på best mogeleg måte. Med blick på barnet er utvikla for å heve kvaliteten i barnehagen.

Grøne tankar – glade barn

På planleggingsdagen 19.september 2018 fekk personalet ei innføring i «Grøne tankar – glade barn», ein metode som Solfrid Raknes har utarbeida/forfatta.

«Grønne tanker – glade barn kan brukes både som en metode for planlagt tematisering av tanker og følelser i samlingsstunden med alle barna, og som en metode for refleksjon, forståelse og bearbeidelse med utgangspunkt i hverdagshendelser. Materialet kan også brukes for å hjelpe barn som trenger å bli mindre hemmet av sinne og/eller engstelse. Tenkebamsene Grønn og Rød skal hjelpe barn til å lære å forholde seg konstruktivt til egne tanker. Tanker som skaper vansker, kalles røde tanker. Tanker som skalper glede, trivsel og trygghet kalles grønntanker.»

(kopierte frå Vfb sin beskrivelse om metoden)

Metoden passar best for barn frå 4 år og oppover. Barna lærar å sette ord på tankar, tenkje over sine grønne (gode) og raude tankar (som skapar vanskar) og få eit bevisst forhold til tankane sine.

Sjå barnehagebarnet innanifrå

Hausten 2023 fekk personalet kompetanseheving i kurset «Sjå barnehagebarnet innanifrå». Dette kurset er ei fordjuping i korleis vi brukar kunnskap basert på boka «Se barnet innanifrå» av Ida Brandtzæg, Stig Torsteinson og Guro Øiestad, men fokus på relasjonsarbeid og trygg tilknytning. Dette er ein barnehage versjon av Tryggleikssirkelen (COS) som er meir retta mot personalet i barnehage.

Mobbelova

Frå 1. januar 2021 trådte det i kraft endringar i barnehagelova, og det blei innført ei eiga «mobbelov» i barnehagen.

De som jobbar i barnehagen skal:

- følge med på korleis barna har det i barnehagen.
- Varsle styrar ved mistanke eller kjennskap til at eit barn ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø.
- undersøkje og sette inn tiltak i sakar der eit barn eller føresett opplever at barnet ikkje har eit trygt og godt barnehagemiljø. Tiltaka skal gjelde heilt til barnet har det trygt og godt i barnehagen.
- utarbeide ein skriftleg plan for korleis dei skal følge opp.

Det skal også vere ein skjerpa aktivitetsplikt dersom vaksne som jobbar i barnehagen, krenka eit barn. Atplikten er skjerpa betyr at det straks skal varslast, undersøkast og sette inn tiltak, og at den ansvarlege for barnehagen skal varslast. Barnehagen skal ikkje godta krenkelsar som utestenging, mobbing, vald, diskriminering og trakassering. Vi meina at krenkelsar er ytringar og handlingar som opplevast negativt og gjer at barn opplever utrygghet, ubehag eller ikkje kjenner seg inkludert i fellesskapet. Krenkelsar kan vere enkeltståande eller gjentakande og kan utførast av både barn og vaksne.

Barnehagen skal kontinuerleg arbeide for å fremme helsa, trivselen, leiken og læringa til barna. ([Barnehagelova §41-43](#))

Digital kompetanse

Digital kompetanse er ferdigheiter, kunnskap, kreativitet og haldningar som alle trenger for å kunne bruke digitale media for læring og meistring i kunnskapssamfunnet. Det er den kompetansen som bygger bru mellom ferdigheiter som å lese, skrive og regne, og den kompetansen som krevjast for å ta i bruk nye digitale verktøy og media på en kreativ og kritisk måte.

Kjelde: https://no.wikipedia.org/wiki/Digital_kompetanse

Rammeplanen forpliktar oss å jobbe med digital kompetanse. I rammeplanen står det blant anna at det digitale skal bidra til leik, kreativitet og læring og bruken skal støtte opp det pedagogiske arbeidet. Digital dømmekraft og ei begynnande etisk forståing knytt til digitale medium blir vårt første skritt inn i den digitale verda ilag med barna. Det er eit mål at barna skal bli ein kritisk og reflektert IKT-bruker (jfr. Stortingsmelding 19)

Overgangar

Barna går igjennom fleire overgangar i løpet av småbarnsperioden. Den første store overgangen er når dei startar i barnehagen. Den første perioden i barnehagen kallar vi for tilvenjingsperiode. Personalet jobbar i denne perioden målretta med relasjonsbygging og trygging av barna. God informasjonsflyt frå nye familiar og evt. andre barnehagar til barnehagen er særst viktig for at barna skal få ein god start. Alle nye familiar får eige brev om tilvenjing .

Den andre overgangen er når barna skal over til skule. Kunnskapsdepartementet har gitt ut rettleiaren « frå eldst til yngst».

<https://www.regjeringen.no/globalassets/upload/kd/vedlegg/barnehager/veileder/f-4248-fra-eldst-til-yngst.pdf> Denne skal vere ei hjelp til å få til ei god samanheng mellom barnehage og skule.

Det er stas å vere eldst i barnehagen, slik har det alltid vore og slik skal det vere.

Det siste året til barna i barnehagen er viktig for barna, no er dei eldst, neste år blir dei yngst. Nokon gruar seg til skulestart medan andre gler seg veldig. Barnehagen ynskjer å gjere overgangen så mjuk som mogeleg for barna. Kommunikasjon mellom barnehage og skule er viktig for å få en god start. Vi har eit godt samarbeid med Folkestad skule og mykje arbeid blir lagt ned på fleire nivå for at dette skal vere mogeleg:

1. Vi har rutinar for overgangen mellom barnehagen og skulen. Rutinane er forpliktande og fortel når barnehagen og skulen skal ha kontakt, når vi skal hente inn samtykke frå foreldre om informasjon og kva informasjonen skal innehalde.
2. På Folkestad står vi i ei særstilling når det gjeld samarbeid med skulen. Vi har nært samarbeid og nyttar både uteområdet og gymsal. Dette gjer at barna blir kjent med bygningen, elevane som går på skulen og lærarane som jobbar der.
3. Ein dag i veka er det klubb for skulestartarane. Innhaldet her er bestemt av både barna og den vaksne som leier klubben. Aktivitetar som vi jobbar med er til dømes: klipping, liming, høgtlesing, teikning, samtalar kring tema, rim, lytte ut lydar, gjenkjenning av bokstavar, tal. Mange av desse oppgåvene finn vi i aktivitetsheftet «Trampoline» som barna får utdelt om hausten . Som avslutning for klubben bestemmer barna (demokrati) kor dei skal reise på avslutningstur (dagstur). I tillegg har det vore ein tradisjon å feire rosaruss med tilhøyrande aktivitetar. Dette er opp til foreldra kvart år.
4. Kvar onsdag har skulestartarane «snakkehjørne». Her lærar barna seg å lytte, snakke til ei lita gruppe og filosofere over ulike tema.
5. Kvar 4. måndag har førskuleklubben sosiale aktivitetar med Folkestadtun. Dette er igjennom «Livsglede for eldre» som vi er ein del av. Dykk kan lese meir om Livsglede her: <https://livsgledeforeldre.no/vart-arbeid/om-kontoret/>

Dei 7 fagområda med progresjonsplan

Fagområda i rammeplanen dekkjer eit vidt læringsfelt og opptreir sjeldan aleine. Fagområda er representert i planlagde temaopplegg, kvardagssituasjonar, spontane samtalar, på turar, i leiken og i rutinesituasjonar.

1. Kommunikasjon, språk og tekst

«Barnehagen skal bidra til at barn leikar med språk, symbol og tekst, og stimulere til språkleg nysgjerrigheit, bevisstheit og utvikling. (...)Personalet skal invitere til utforsking av både munnlege språk og skriftspråk.» (RP s. 48) Språk og kommunikasjon er alltid eit fokusområde i barnehagen. Det er viktig at barn som skal bu og utdanne seg her i Norge kan uttrykke seg og forstå norsk. Dei må klare å lytte til ei tekst, forstå innhaldet og kunne att-fortelje. Evne til å kommunisere, både verbalt og non verbalt er barnas verktøy til blant anna konflikthandtering, relasjonsbygging og medverknad. Vi vaksne må skape eit rikt språkmiljø. Dialog, høgtlesing, rim, regle, bokstav- og lydstimulering er noko av det vi kan gjere for å fremje språket til barna. Barna skal «badast» i språk, det kan aldri bli for mykje. Vi har spesielt fokus på kvardagssamtalane rundt borda under måltidet og i garderobe. Vi vaksne må å vere tilgjengelege for barna, samtale med dei og skape god atmosfære der vi skal «prøve» og «klare sjølv». Vi har utarbeida beste praksis her som heile personalet skal strekke seg mot.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none"> - enkle rim, reglar og songar både med og utan rørsle - bli kjent med bøker - øve på å lytte til eventyr - øve på å ta imot korte enkle beskjedar - enkel dramatisering - kommunisere litt med andre - Bruk av non-verbalt og verbalt språk i kvardagsaktiviteter. - Utviding av språket. Setje ord på det non verbale - danse 	<ul style="list-style-type: none"> - rim, reglar og song - lytte til bøker og eventyr - dramatisere/danse - utvide språket og lytte til kvarandre - spele spel - bruke språk til konfliktløsning - kjenne igjen lyder - begynne å sette ord på følelsar - rolleleik - tydelegare artikulasjon - attforteljning - språkleik - enkel regelleik - bruke omgrep og preposisjonar i talen 	<ul style="list-style-type: none"> - rim, reglar og song - snakkekroken - engelske songar - god språkforståing og samtale med andre - spele spel - regelleik - attforteljning - Bli kjent med skriftspråket - kjenne att bokstavar og tal - dans/dramatisering - høyre og kunne klappe rytmen i orda - lage enkle historier - kunne namnet på fargane - vite kor vi har dei forskjellige kroppsdelane - bruke preposisjonar og nytte dei i språket

2. Kropp, rørsle, mat og helse

I rammeplanen står det at «Barnehagen skal vere ein arena for dagleg fysisk aktivitet og skal stimulere rørslegleda og den motoriske utviklinga til barna». Dei skal inkluderast i aktivitetar der dei får bevege seg, leike og ha samhandling med andre og oppleve motivasjon og meistring ut frå eigne føresetnader. Helsedirektoratet anbefaler at barna skal vere fysisk aktive minst 60 minutt kvar dag og minst 3 gantar i veka skal dei vere så andpustne at dei har utfordringar med å prate. Barnehagen skal bidra til at barnas helse fremjast, dei skal bli kjende med kroppen sin og blir bevisste på sine egne og andre sine grenser. (...) Vanar og handlingsmønster tek form alt frå tidleg alder av. Gode vanar som ein tileignar seg i barnehagealder, kan vare livet ut.

Det står også at barna gjennom medverknad skal motiverast til å ete sunn mat og få ei grunnleggjande forståing for korleis sunn mat kan bidra til god helse.» (RP s. 49) Personalet må vere med på å bidra til gode vanar, gode matopplevingar, vi må oppmuntre, vere nær, støtte, utfordre, dele kunnskap og blant anna leggje til rette for ulike rørslemiljø. Vi har ein kjøkkenhage rett utafør barnehagen som vi kan dyrke i.

Vi kan dyrke ulike type grønsaker ilag med barna som dei kan få vere å hauste om hausten.

1-2 år	3-4 år		5-6 år	
<ul style="list-style-type: none"> - krabbe, gå rulle - gå korte turar - bevege seg til musikk - kunne namn på nokre kroppsdelar - ete sjølv - øve på auge/hand koordinasjon - drikke av kopp - smake ulik mat - begynne å smøre litt mat sjølv - puslespel for dei yngste - nytte balansemped både i og på asfalten utanfor barneområdet. 	<ul style="list-style-type: none"> - gå litt lengre turar - hoppe, springe, øve på å hinke, klatre - danse - sykle på tre-hjulsykkel - bruke gymsal - puslespel med fleire brikker - 4 åringane får vere med vere med på å sette potet - nabbi-perlar, sortere fargar, lage enkelt mønster 	<ul style="list-style-type: none"> - kjenne til namn på ulike kroppsdelar - perle smykke - øve på blyantgrep, klippe, lime - slutte med bleie, - smake ulik mat - smøre eigen mat - pusse tenner -- ete og drikke sjølv 	<ul style="list-style-type: none"> - gå lange turar, meistre ulendt terreng - ete variert, tørre å smake, vere med å lage mat ute og inne - sjølvstendige under måltidet - hinke, balansere, turne - smake ulik mat - bruke gymsal, symjebasseng - kvifor pusse tenner - lære ein dans 	<ul style="list-style-type: none"> - sykle - blyantgrep - legge store puslespel, opp til 100 brikker. - perle etter mønster - klippe etter strek - tørke seg sjølv etter toalettbesøk



3. Kunst, kultur og kreativitet

«Oppleringar med kunst og kultur i barnehagen kan leggje grunnlag for tilhøyrse, deltaking og eige skapande arbeid. I barnehagen skal barna få estetiske erfaringar med kunst og kultur i ulike former og organisert på måtar som gir barna høve til utforsking, fordjupning og progresjon» (RP s. 50)

Vi i personalet må gi barna moglegheit til å møte ulike materialar, både to og tredimensjonale. Vi må også vise og motivere barna til å uttrykke seg gjennom for eksempel musikk, dans og drama for at dei skal bli kjent med ulike uttrykksformar.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none"> - gå korte turar rundt i bygda - få erfaring med maling, teikning, plastilina - danse etter musikk, - lytte til munnlege forteljingar 	<ul style="list-style-type: none"> - gå lengre turar rundt omkring i bygda, bli kjent med landskapet. kva har dei ulike årstidene og naturen å by på. - vere kreative i naturen, sjå på fenomen i naturen og undre seg - dramatisere enkle eventyr, roller... - danse - kunne lytte og fortelje att - nytte kroppsspråket bevisst - to-dimensjonal og tre-dimensjonal forming. - Kunne fortelje kva dei har teikna - spele instrument - lytte til eventyr og bøker - bruke fantasi og kreativitet gjennom den frie leiken 	<ul style="list-style-type: none"> - gå turar i bygda, ta ferje over til Volda - lytte til lengre bøker/historier - dramatisere, lære dansar - bli bevisst på bruken av fargar og fargekombinasjonar - perle etter mønster - kunne teikne ut i frå oppgåve, historie - bruke naturen som inspirasjon til både to-dimensjonal og tre-dimensjonal forming - lytte til ulik musikk - bruke ulike rytmeinstrumentar



4. Natur, miljø og teknologi

Opplevelingar og erfaringar i naturen kan fremje forståing for eigenarten til naturen og barna sin vilje til å verne om naturressursane, bevare det biologiske mangfaldet og bidra til berekraftig utvikling. (...) Barnehagen skal leggje til rette for at barna framleis skal vere nysgjerrige på naturvitskaplege fenomen, føle tilhøyrse til naturen og gjere erfaringar med å bruke teknologi og reiskapar.» (RP s.52)

Vi i personalet må vise fram kva naturen kan by på til ulike årstider. Vi må bruke naturen som ein arena for leik, undring, utforsking og læring. Vi må gi barna rom og tid til å stille spørsmål og undre seg over fenomen i naturen.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none"> - vere med på søppelsortering - vere ute i ulikt ver - bli kjent med ulike årstider - studere ting i naturen som insekt, dyr, planter osv. - nytte namna på dei ulike artane vi studerer. - brannvern 	<ul style="list-style-type: none"> - lære om skiftingar i naturen gjennom årstidene - studere ting i naturen som insekt, dyr, planter osv. - snakke om været - snakke om dag og månad - brannvern - bli kjent med bruk av tekniske hjelpemiddel (nettbrett, PC) 	<ul style="list-style-type: none"> - tur kvar veke uavhengig av vêr - matlaging på bål, korleis lagar vi matbål? Kosebål? - lære å spikke - lage kunst på tur - kjenne att nokre tresortar og plantesortar - kunne namn på nokre fuglearter - lære om insekt og andre småkryp - bli kjent med fjøra og kva som lever der - undre seg over naturen og endringane som skjer i dei ulike årstida - bli kjent med og nytte iPad som verktøy for læring -brannvern



5. Religion og filosofi

Barnehagen skal la barna få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn, og erfaringar med at kulturelle uttrykk har ein eigenverdi. Barnehagen skal skape interesse for mangfaldet i samfunnet og forståing for livsverda og levesettet til andre menneske. Gjennom å samtale om og undre seg over eksistensielle, estetiske og filosofiske spørsmål skal barn få høve til sjølve å formulere spørsmål, lytte til andre, reflektere og finne svar. (RP s. 54)

Respekt for kvarandre, respekt for naturen, nestekjærleik, likeverd, tilgiving, solidaritet er viktige moment for dette fagområdet. Vi i personalet må ta omsyn til dei ulike religiøse retningane som er representert i barnehagen og presentere dei. Vi må formidle ulike forteljingar og la barna filosofere, utforske og undre. Vi må bidra til at barna utviklar respekt for kvarandre.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none"> - forståing for rett og galt - oppleve og få begynnande kjennskap til dei religiøse høgtidene. 	<ul style="list-style-type: none"> - respektere kvarandre - hjelpe kvarandre og ta vare på kvarandre - seie fine/positive ting til kvarandre - utvikle evne til konfliktløsning - utvikle evne til å undre seg og stille spørsmål - få kjennskap til høgtid og tradisjon 	<ul style="list-style-type: none"> - barna får, når det er naturleg, oppleve religion gjennom høgtlesing, samtale og aktivitetar. - barnas tro, spørsmål og opplevingar skal takast på alvor. Vi undrar oss ilag. - barna skal bli meir bevisst på konsekvensane våre handlingar har for andre. - nulltoleranse for utestenging av enkeltbarn. - filosofiske samtalar i snakkekroken - få kjennskap til dei religionane som er i barnegruppa.



6. Nærmiljø og samfunn

«Gjennom utforskning, opplevingar og erfaringar skal barnehagen bidra til å gjere barna kjende med sitt eige nærmiljø, samfunnet og verda. Barnehagen skal bidra til kunnskap om og erfaring med lokale tradisjonar, samfunnsinstitusjonar og yrke, slik at barna kan oppleve tilhørse til nærmiljøet. Kulturelt mangfald, ulike levemåtar og forskjellige familieformar er ein del av fagområdet» (RP s. 56)

Vi i personalet må leggje til rette for at barna får medverke i sin eigen kvardag. Vi må la dei få utforske ulike landskap, og bli kjent med ulike yrke og institusjonar i nærmiljøet. Vi må også la barna bli kjent med dei ulike menneskerettighetane, da spesielt barnekonvensjonen. Personalet må også jobbe for å fremje likestilling, motverke diskriminering, fordommar, stereotypar og rasisme.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none"> - kortare turar i nærmiljøet - oppleve ulike årstider - sette pris på naturen - rydde leiker og hjelpe til - begynnande forståing for trafikktryggleik 	<ul style="list-style-type: none"> - erfare at ein sjølv og andre er viktige for fellesskapet - erfare at eigne handlingar kan påverke andre - lære å inkludere andre - lære om årstider, månader, dagar - rydde leiker og hjelpe til - lære namn på stadar/vegar i bygda - begynnande forståing for trafikktryggleik 	<ul style="list-style-type: none"> - vi går på tur kvar veke. Blir kjent med bygda og kva den har å tilby. - vi tek ferje over til Volda. Køyrer buss til symjing (om det blir) - lærar om trafikktryggleik og kva ulike skilt og strekar på vegen betyr. - likeverd og kulturelt mangfald - kjennskap til ulike kulturar, til dømes samenes.



7. Mengd, rom og form

«Fagområdet omfattar leikande og undersøkjande arbeid med samanlikning, sortering, plassering, orientering, visualisering, former, mønster tal, teljing og måling. Det handlar og om å stille spørsmål, resonnere, argumentere og søkje løysingar» (RP s. 53)

Vi i personalet må bruke matematiske omgrep i kvardagen, la barna få møte matematiske utfordringar, til dømes spel, musikk, leiker og utstyr. Vi må også blant anna stimulere og støtte barnas evne til problemløysing og hjelpe dei til å vere uthaldande.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none">- møte ulike formar. (eks. trekant, sirkel, firkant)- perle med store perler- vere med på å telle- etter kvart spele enkle puslespel og biletlotto.	<ul style="list-style-type: none">- øve på å telle gjenstandar, barn osv.- bli kjent med tal og matematiske omgrep som trekant, sirkel osv.- utforske former og mønster- lære begrep som over, under osv.- bygge klossar, spele spel, kjenne igjen fargar og vite namn på dei	<ul style="list-style-type: none">- knytte mengde og tal- spele spel, yatzy- perle, etterkvart med mønster- kjenne att ulike geometriske formar og sette namn på dei - jobbe med omgrep- øve på høgre og venstre- sortere



Klima

Natur og klima har stort fokus både lokalt og globalt. Det er viktig at barna får begynnende forståing for at alle kan vere med på å gjere ein forskjell. I barnehagen sorterer vi søppel og har generell fokus på å ta vare på naturen når vi er på tur, som å plukke opp søppel vi finner og rydde opp etter oss. Det er viktig at barnehagen (og andre vaksne) går føre som godt eksempel for å påverke barna til å ta vare på naturen auke deira bevisstheit rundt miljøet.

1-2 år	3-4 år	5-6 år
<ul style="list-style-type: none">- søppelsortering- fokus på forsøpling av naturen- trene på å vaske oss effektivt, stenge krana og bruke eit til to papirark	<ul style="list-style-type: none">- søppelsortering- fokus på forsøpling av naturen - halde barnehageområdet reint for søppel - trene på å vaske oss effektivt, stenge krana og bruke eit til to papirark	<ul style="list-style-type: none">- søppelsortering- kva skjer med det vi sorterer- fokus på forsøpling av naturen- halde uteområdet reint for søppel- ryddeaksjon- trene på å vaske oss effektivt, stenge krana og bruke eit til to papirark

Årskalender for tema arbeid i barnehagen

Denne hausten har vi eit overordna tema «Vikingar» og til våren «Samar og vikingar»

Månad	Tema	Aktivitetar	Viktig å hugse på
August	Tilvenjingstid. Bli kjent i barnehagen. Vi har fokus på å ta vare barna. Både dei som er nye og dei som kjem att etter ein lang ferie.	Fokus på tilgjengelege og sensitive vaksne. Vi les bøker og har samlingar med kjente songar.	7 og 18. august planleggingsdag
September	Vi har fokus på brannvern og beredskap.	Vi skal besøke brannstasjonen i Volda.	Gje beskjed om de skal ha haustferie
Oktober	Haust	Øyralangs	Haustferie veke 41 (09 – 13. oktober) Foreldresamtalar
November	Haust/Vinter	Prosjekt med Aasentunet	Foreldresamtalar 03.11.23 Startar med vasstilvenning Husk! Badehette 😊 Opningsfest- leikeplass 29. november kl. 18:00
Desember	Adventstid og juleførebuingar.	Vi har samlingar der vi fortel om kvifor vi feirar jul og om «vikingjol». Adventskalender og adventsverkstad. Vi går i Lucia-tog til Folkestadur og syng nokre julesongar.	Påmeldingsfrist romjula 10. desember Nissefest 20. desember Lucia «frukost» 13. desember ? (foreldre)

Januar	Vinter	Aktivitetar rundt vinteren hos vikingar og samane.	03. januar opnar barnehagen. Gje beskjed om de skal ha vinterferie
Februar	Karneval FORUT	Vi lærar meir om samar, og markera nasjonaldagen deira. Vi lærar om femåringen Hamphless i Malawi. Vi avsluttar opplegget med ei innsamlingskafé på slutten av februar.	Vinterferie veke 8 (19 – 23. februar) Samenes nasjonaldag 6. februar 29. februar Skotårsfest kl. 18:00
Mars	Påske og påsketradisjonar	Vi har formingsaktivitetar i høve påske og har samtalar i samling om kvifor vi feirar påske.	Påmeldingsfrist påskeferie 10. mars
April	Vår	Vi studerer vårteikn og pratar om nytt liv. Vi sår i grønsakhagen vår.	Påskeferie veke 13 (25. mars- 1. april)
Mai	17. mai og russetema.	Teikne flagg, gå i tog rundt Folkestadtun og syng 17. mai songar.	10. mai – barnehagen er stengt
Juni / Juli	Sommar	Vi er mest mogeleg ute og har sommarrelaterte formingsaktivitetar. Sommarfest! Sjå an veret <3	14. juni planleggingsdag – barnehagen er stengt. Sommarferie v. 28,29 og 30 ☺



Dagsrytme

07.30. Barnehagen opnar

Barnehagen opnar kl. 07.30, med unntak for dei som har søkt utvida tilbod. (jfr. vedtekter)

07.30-10.15 Leik inne på avdelinga

– dei som har frukost eter maten sin **kl. 08 – 08:30** (Frukost ferdig 08:30.)

08.30-10.15 Leik , kvardagsaktivitetar og tilrettelagde aktivitetar inne/ute.

10.15-10:30 Samling med variert innhald

10.30-11:00 Hovudmåltid inne/ute

11.00- Toalett, bleieskift og kviletid

11.30-14:00 Påkledning / Uteleik

14.00 Måltid inne/ute

14.30-16.30 Leik inne/ute

16.30 Barnehagen stenger



Vekesrytme

Måndag har vi leik inne føremiddag, formingsaktivitetar og førskuleklubb.

Kvar 4. måndag er førskulegruppa på Dagsenteret – (Livsglede for eldre) elles har dei førskuletid ilag med Therese. 2020 barna har også leikegruppe.

Tysdag er turdag. Vi går kl 10 – fint om alle er levert til da. Vi vekslar på turar i skog, mark eller sentrum og fjøre. Ake dag/ ski om vinteren.

Onsdag mat dag, der vi lagar mat ilag med barna. Vi fokuserer på sunn og variert kost, vi prøvar å lage det meste frå botnen av – ikkje ferdig mat.

Førskulegruppa har «Snakkehjørne» ilag med Mona, 2019 barna har «Raude/Grøne tankar» ilag med Guro.

Torsdag har vi leik inne føremiddag, formingsaktivitetar og/eller temaarbeid. Vi har også moglegheit til å ha gym på skulen.

Kvar 4. torsdag har vi songgruppe oppe på Folkestadtun.

Fredag har vi leik inne føremiddag, formingsaktivitetar og/eller temaarbeid. Vi har også moglegheit til å ha gym på skulen.

Partalsfredagar har Hege «Livsgledebarnehage» opplegg ilag med Folkestadtun.

Planlegging/ dokumentasjon/ evaluering

Planlegging

Planlegging av barnehagens innhald er ein viktig del av verksemda.

All planlegging skjer samsvar med barnehagen sine overordna mål, som er gitt i barnehagelova og i rammeplanen. Planlegginga er basert på kunnskap om barna si utvikling og læring, observasjonar av enkeltbarn og gruppe, evalueringar av tidlegare erfaringar og hensiktsmessig bruk av barnehagens ressursar. Både menneskelege og materielle. Vi har ingen detaljerte planar for dagane, da barnas interesse og form er avgjerande for kva vi gjer og kor lenge vi held på med ein aktivitet.

Utifrå årsplanen utarbeider vi vokes planar. Desse vert sendt ut på Vigilo.

Alle planane er fleksible og opne for spontanitet og endringar.



Dokumentasjon

- ◆ Informasjonsskriv med praktisk informasjon vert delt ut til alle foreldre i juli/august.
- ◆ Årsplan med informasjon om innhald og arbeidsmåtar vert delt ut til alle foreldre.
- ◆ Periodeplanar med kort evaluering for førre månad og innhaldet for kommande veker blir skissert og lagt i Vigilo.
- ◆ På foreldremøte haust og eventuelt vår får foreldra informasjon om og moglegheita til å påverke arbeidet/ innhaldet i barnehagen.
- ◆ Foreldra har høve til foreldresamtaler to gonger i året.
- ◆ Vi tek bilete av barnehagekvardagen.
- ◆ Barna har eige perm der vi samlar på teikningar og skriv ut enkelte bilete.
- ◆ Observasjonar, praksisforteljingar ol.

Evaluering

Kva skal evaluerast?

- ◆ Relasjonen mellom barn-barn og barn-vaksen
- ◆ Samspel mellom barn-barn, barn-vaksen, vaksen-vaksen.
- ◆ Barnegruppa og det enkelte barns trivsel og utvikling skal observerast og vurderast.
- ◆ Foreldresamarbeid
- ◆ Pedagogiske planar
- ◆ Det daglege innhaldet i barnehagen.
- ◆ Utviklingsarbeid

Korleis og når?

- ◆ Personalet vurderer arbeidet ein gong i månaden på personalmøta.
- ◆ Gjennom brukarundersøking
- ◆ Tilbakemelding frå foreldra, formell/uformell
- ◆ Tilbakemelding frå barna, enten ved barneintervju eller samtale ein til ein eller i gruppe.



Foreldresamarbeid

I rammeplanen blir det lagt vekt på foreldresamarbeidet i barnehagen kap. 5. Barnehagen skal leggje til rette for foreldresamarbeid og god dialog med foreldra, både individuelt og gjennom samarbeidsutvalet og foreldrerådet. Samarbeidet skal sikre at foreldra får medverke til den individuelle tilrettelegginga av tilbodet. Barnehagen og foreldre må vere bevisst på at barnehagen har eit samfunnsmandat og eit verdigrunnlag som er barnehagen si oppgåve å følgje.

Dagleg kontakt når dykk hentar og bringer

Foreldre og barnehagen sitt personale har eit felles ansvar for barna sin trivsel og utvikling, samarbeidet må bygge på gjensidig openheit og tillit. Vi ynskjer å ta imot barna om morgonen slik at dei føler seg ønska og velkomne. Det kan skje at vi ikkje oppdagar dykk under levering, annonser innkomst slik at ein av personalet kjem ut i garderoben. Når barna blir henta vil vi prøve å fortelje litt om dagen til barna, dette kan vere vanskeleg dersom fleire blir henta samstundes. Vi oppmodar derfor foreldra om å spørje viss dei lurar på noko.

Informasjon barnehage/heim

Vi heng opp noken informasjon på barnas plasser. De får kunngjeringar, meldingar, veker planar, oppsummeringar og anna informasjon på Vigilo.

Foreldresamtaler

Alle foreldre/føresette får tilbod om samtale med pedagog/pedagogisk leiar haust og vår.

Foreldremøte

Det vert eit til to foreldremøte i barnehageåret, eit møte om haust og eit om våren dersom det er ynskjeleg.

Foreldreråd og samarbeidsutval to til fire gongar i året etter behov.

”For å sikre samarbeidet med barnas heim, skal kvar barnehage ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval”

(Barnehagelova § 4 Foreldreråd og samarbeidsutval)

Foreldrerådets medlemar er foreldre/føresette til barna i barnehagen. Foreldrerådet har ingen formell slutningsmyndigheit, og kan difor ikkje treffe bindande avgjersler på vegne av foreldra. Foreldrerådet skal vere eit organ der foreldre kan diskutere saker seg i mellom. Dersom det skal stemmast over ei sak i foreldrerådet har foreldre/føresette ei stemme for kvart barn som går i barnehagen. Elles gjeld vanleg fleirtalsvedtak.

Samarbeidsutvalet sine medlemmar er foreldre/føresette og tilsette i barnehagen med lik representasjon frå kvar gruppe. Barnehagen sin eigar (Volda kommune) kan delta dersom dei ynskjer det. Foreldrerådet skal velje sin representant til samarbeidsutvalet, dei tilsette vel sin representant. Representantane vert valt for eit år i gongen. Samarbeidsutvalet konstituerer seg sjølv. Styrar har møte-, tale- og forslagsrett i samarbeidsutvalet. Styrar har ikkje stemmerett. Elles har kvar representant ei stemme kvar, avgjersler vert gjort ved vanleg fleirtalsvedtak. Ved stemmelikeheit har leiaren for samarbeidsutvalet dobbelstemme.

Samarbeidsutvalet er eit organ for rådgjeving, kontaktskaping og samordning. I flg. barnehagelova § 2, 3. ledd, skal samarbeidsutvalet fastsette barnehagen sin årsplan.

Samarbeidsutvalet for dette barnehageåret er samansett slik:

Representant frå foreldra Ole Petter Skarmyr vara Jonas Sollid Egset. (Blir automatisk leiar neste år eller gjennom val)

Representant frå personalet Guro Tvergrov Eikrem

Representant frå kommunen Margrete Trovåg

Styrar i barnehagen og sekretær Veronica Preus

Arbeidsutval: Anette Kristin Røed, Trude Folkestad og Sunniva Seim Flote